



NORGES HØYESTERETT

Den 21. desember 2009 sa Høgsterett orskurd i

HR-2009-02378-P, (sak nr. 2009/1575), sivil sak, anke over dom,

Bergshav Tankers AS

(advokat Ingvald Falch)
(advokat Thomas Horn – til prøve)
Rettsleg medhjelpar:
(advokat Dagfinn Clemetsen)

mot

Staten v/Finansdepartementet

(Regjeringsadvokaten
v/ass. regjeringsadvokat Tolle Stabell)
Rettsleg medhjelpar:
(Regjeringsadvokaten
v/advokat Christian H. P. Reusch)

og

HR-2009-02378-P, (sak nr. 2009/1663), sivil sak, anke over dom,

Staten v/Finansdepartementet

(Regjeringsadvokaten
v/ass. regjeringsadvokat Tolle Stabell)
Rettsleg medhjelpar:
(Regjeringsadvokaten
v/advokat Christian H. P. Reusch)

mot

Bergesen Gas Shipping AS
BW Green Gas AS
AS Hektorgas
AS Havgas Partners
AS Centum
Edda Gas AS
Farstad Supply AS
Farstad International AS

(advokat Ingvald Falch)
(advokat Thomas Horn – til prøve)
Rettsleg medhjelpar:
(advokat Dagfinn Clemetsen)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Ankesakene nr. 2009/1575 Bergshav Tankers AS mot staten v/Finansdepartementet og nr. 2009/1663 Staten v/Finansdepartementet mot Bergesen Gas Shipping AS, BW Green Gas AS, AS Hektorgas, AS Havgas Partners, AS Centum, Edda Gas AS, Farstad Supply AS og Farstad International AS skal behandlast av Høgsterett i plenum. Sakene gjeld spørsmålet om likningane for desse reiarlaga for 2007 byggjer på ei lovendring som er i strid med forbodet i Grunnlova § 97 om tilbakeverkande lover eller med vernet av eigedom i tilleggsprotokoll 1 artikkel 1 til Den europeiske menneskerettskonvensjonen.
- (2) Under saksførebuinga har dommarane Gjølstad, Coward, Bruzelius, Matheson og Webster teke opp spørsmålet om habiliteten sin. Dei har alle rekna seg som inhabile til å dømme i sakene, likevel slik at dommar Webster først stilte spørsmålet ope før ho seinare kom til at ho reknar seg som inhabil.
- (3) Under rettsmøtet til behandling av habilitetsspørsmålet hadde ingen av partane merknader til det synet som dommarane Gjølstad, Coward, Bruzelius og Matheson hadde på eigen habilitet. Staten slutta seg i rettsmøtet til dommar Websters syn om at ho er inhabil, medan dei private partane – reiarlaga – vurderte det slik at ho ikkje er inhabil. Dommar Webster har etter rettsmøtet uttala seg ytterlegare, og også reiarlaga meiner no at dommar Webster er inhabil. Både staten og reiarlaga har godekte at habilitetsspørsmåla kan avgjerast utan nytt rettsmøte, sjølv om det er innhenta ny uttale frå dommar Webster.
- (4) *Eg går no over til å gi uttrykk for mitt syn på habilitetsspørsmåla.*
- (5) Dommar Gjølstad er gift med ekspedisjonssjefen i skatte- og avgiftsavdelinga i Finansdepartementet. Det er opplyst at han har hatt med den aktuelle skattelovendringa å gjere. Dommar Gjølstad må etter dette vike sete, jf. domstollova § 108.
- (6) Dommar Coward er sambuar med regjeringsadvokat Sven Ole Fagernæs. Det er tidlegare avgjort at regjeringsadvokaten må reknast å handle i saka for staten også når han ikkje sjølv møter i retten, og at domstollova § 106 nr. 7 kjem til bruk også når sambuaren til ein dommar handlar i saka for ein part, jf. Rt. 1996 side 520 og Rt. 2006 side 89. Dommar Coward må etter dette vike sete i medhald av den nemnde føresegna.
- (7) Dommar Bruzelius er sambuar med Inge Lorange Backer, som på tidspunktet for behandling av skattelovendringa var ekspedisjonssjef i lovavdelinga i Justisdepartementet. Han underskreiv lovavdelinga si fråsegn til Finansdepartementet i saka. Dessutan uttala han seg i spørsmålet om lovendringa var i samsvar med Grunnlova under ei open høyring i Stortingets finanskomité. Dommar Bruzelius må etter dette vike sete, jf. domstollova § 108.
- (8) Dommar Webster tok i notat 16. november 2009 opp spørsmålet om ho er inhabil. I notatet opplyste ho mellom anna at ektefellen i mange år har arbeidd og framleis arbeider som advokat for ei rekke reiarlag som utfallet av desse sakene vedkjem. På det

tidspunktet tok ho ikkje stilling til om ho meinte å vere inhabil. Ho vurderte dette nærare, og uttala i notat 7. desember at ho meiner seg inhabil basert på ektefellen sine klienttilknytningar.

- (9) Ut frå drøftingane om habilitetsspørsmålet i rettsmøtet vart dommar Webster beden om å klargjere standpunktet sitt. I svaret er det sagt at om ho skal vere med i sakene, vil ho byggje berre på ei vurdering av rettskjeldene og i den forstand "stå fritt". Hennar bekymring går på om ho "vil føle ubehag" ved å ta ei avgjerd som klientane til ektefellen vil kunne mislike, og om dette umedvite kan spele inn på vurderingane. Både staten og reiarlaga har ut frå dette gjort gjeldande at dommar Webster er inhabil i sakene.
- (10) Eg meiner etter dette at dommar Webster er inhabil. Det ligg rett nok ikkje føre objektive omstende som i seg sjølv tilseier at ho er inhabil. Men når ho for eigen del har sett det slik at det er omstende som umedvite kan spele inn på vurderingane, og partane på begge sider har gjort gjeldande at ho er inhabil, må ho vike sete etter domstolova § 108.
- (11) For dommar Matheson viser eg til at han fram til 30. juni 2009 var partner i same advokatfirmaet som advokat Bettina Banoun, som var prosessfullmektig for Bergshav Tankers AS for tingretten. Advokat Banoun og ein annan partner i firmaet, advokat Trond Sanfelt, laga ei utgreiing om grunnlovsspørsmålet for Norges Rederiforbund. Matheson sjølv laga ei utgreiing for eit reiarlag om EØS-rettslege spørsmål knytte til lovendringa, og han bygde der på framstillinga i utgreiinga frå Banoun og Sanfelt om grunnlovsspørsmålet. Dommar Matheson må etter dette vike sete, jf. domstolova § 108.
- (12) Eg røystar for slik

O R S K U R D :

Dommarane Gjølstad, Coward, Bruzelius, Webster og Matheson vik sete.

- | | | |
|------|--------------------------|--|
| (13) | Dommer Gussgard: | Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende. |
| (14) | Dommer Tjomsland: | Likeså. |
| (15) | Dommer Flock: | Likeså. |
| (16) | Dommer Skoghøy: | Likeså. |
| (17) | Dommer Stabel: | Likeså. |
| (18) | Dommer Øie: | Likeså. |
| (19) | Dommer Tønder: | Likeså. |
| (20) | Dommer Endresen: | Likeså. |
| (21) | Dommer Indreberg: | Likeså. |

(22) Dommer **Bårdsen:** Likeså.

(23) Kst. dommer **Sverdrup:** Likeså.

(24) Justitiarius **Schei:** Likeså.

(25) Etter røystinga sa Høgsterett slik

O R S K U R D :

Dommarane Gjølstad, Coward, Bruzelius, Webster og Matheson vik sete.

Rett utskrift: